

Industripionerane – kort presentasjon



No er det gründeren sin tur. Kraftutbygginga og industrireisinga i Norge er ei historie om store krefter og tunge mekanismar. Men det er òg ei historie om menneske. I Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum (NVIM) sitt nye formidlingsprosjekt set me lyset på gründerane som leia an i utviklinga. Kven var Albert Petersson eigentleg, og kva var det som dreiv Sam Eyde?

Formatet er eit bildespel, bygd på eit rikt historisk kjeldemateriale. Mykje av kjeldegrunnlaget er funne i museet sine eigne arkiv, men her er også gjort nye, vellukka arkivsøk i inn- og utland. Dette resulterer i at ny historie vil koma fram.



Sam Eyde (1866-1940)

Hard teknologi, varm lidenskap

«Industripionerane» legg vekt på avgjerande punkt som innovasjon, forsking, kapitaltilgang og marknadstilgang. Men mest fokuserer forteljinga på menneska som står i spissen for det som skjer. Dei to mest sentrale i vår historie er Sam Eyde og Dr. Albert Petersson. Me følgjer dei gjennom ulike fasar fram til dei tek avgjerande roller i Tyssedal og Odda. Begge bidreg sterkt til at me her får eit innovativt industrielt kompetansemiljø på Vestlandet. Sam Eyde blir den første generaldirektøren i kraftselskapet AS Tyssefaldene. Albert Petersson blir direktør for karbid- og cyanamidfabrikkane i Odda. Sam Eyde får posisjon som den viktigaste industri-leiaren fleire stader Norge. Albert Petersson får status som det moderne Odda sin grunnleggjar. Men medan den eine får nyta sin suksess i eit langt liv, får den andre ein tidleg og tragisk sorti. Gamle Sam Eyde skriv *Mitt liv og mitt livsverk* før han andar ut. Albert Petersson opplever at kona Leonie døyr i barsel. Fire tunge år seinare, ei augustnatt i 1914, forsvinn han sporlaust frå rutebåten mellom Odda og Bergen.



Leonie (1888-1910) og Albert Petersson (1870-1914)



Historia om industripionerane er ei historie om mot og dyktigheit, om ære og makt. Og som alltid når det handlar om menneske: om kjærlek og sorg. Dette er vevd saman med dei meir harde, ytre føresetnadene som fanst i tida. Framstega skjedde fort innan teknologi, kjemi og økonomi, både nasjonalt og internasjonalt.

Ein ny suksess på lerret

Regissør Randi Storaas er leigd inn for å laga programmet. Ho har tidlegare produsert det suksessrike «Industrieventyret» for NVIM. Dette er sett av meir enn 160 000 besøkande, og er ein av museet sine hovudattraksjonar. «Industripionerane» er ein oppfølgjar, der Storaas tar i bruk nye tekniske verkemiddel samtidig som historia blir fortalt på ein nær og gripande måte.

Storaas gjennomførte i 2014 forprosjekt til «Industripionerane» (prosjektskisse vedlagt), med finansiering frå Stiftelsen Fritt Ord, NVE og NVIM. No er produksjonen av bildespelet godt i gang, og med fullfinansiering på plass vil det bli premiere i løpet av 2017.

På same måte som det eksisterande «Industrieventyret», vil det nye programmet vinda seg mot heile breidda av vårt publikum. Det er ambisiøst å definera ei så stor målgruppe, men «Industrieventyret» har vist at det lar seg løysa. NVIM opplever no ein god oppgang i besøkstal. Dette fell godt saman med å kunna presentera ein ny attraksjon på filmrerret. «Industripionerane» skal ha ei lengd på ca. 25 minutt, og vil bli vist på lerret i NVIM, og også hjå samarbeidsmuseum og på digitale plattformar.



Nasjonalt ansvar

«Industripionerane» omhandlar industrireisinga i Tyssedal og Odda, men fortel primært den større historia som tek vegen til Rjukan og Notodden, London og Paris. Det handlar om den første, viktige fasen av industrialiseringa av Norge. Dette samstemmer med NVIM sitt samfunnsoppdrag. Som del av NVE si museumsordning, har museet nasjonale formidlingsoppgåver. Me gjer dokumentasjonsoppgåver landet rundt, og utviklar og driftar nettstaden vasskrafta.no. Ikkje minst forvaltar og formidlar me det freda kraftanlegget Tysso 1. Her er Tyssedal kraftstasjon det mest kjende bygget. Det er eit nasjonalt kulturminne og eit sterkt symbol på bygginga av det industrialiserte Norge.

